



For bestilling og informasjon
ta kontakt med Kviknes Hotel

Tlf: 57 69 42 00

booking@kviknes.no

Online Booking

www.kviknes.no

Midtsommars Opera ved Sognefjorden juni 2012

Opplev det beste av det Fjordane har å by på av kulturhistorie, landskap, drikke, mat og opera.

Åmot Operagard inviterer i samarbeid med Ciderhuset og Kviknes Hotel til ein rundtur med unike opplevingar med base i Balestrand. Det blir sett opp buss frå Balestrand over Nasjonal turistveg Gaularfjellet til Operagarden like ved Dalsfjorden.

Fra OSLO:

20. – 23. JUNI

21. – 24. JUNI

Fra BERGEN:

20. – 23. JUNI

21. – 23. JUNI

OSLOPAKKE 1 OG 2

3 overnattingar

TUR 1 **20. – 23. JUNI**

TUR 2 **21. – 24. JUNI**



For bestilling og informasjon
ta kontakt med Kviknes Hotel

Tlf: 57 69 42 00

booking@kviknes.no

Online Booking
www.kviknes.no

Onsdag 20. juni

- 08:11** Avreise frå Oslo med tog til Bergen. Ankomst Bergen kl 14:52.
Billetter må kjøpast direkte hjå NSB.
- 16.30** Fjordreise med hurtigbåt frå Bergen med ankomst Balestrand kl 20.20.
Billetter må kjøpast direkte hjå Tide Reiser.
- Innsjekk og middag på tradisjonsrike Kviknes Hotel.



Torsdag 21. juni

07.00–10.00 Frukost på hotellet

11.00 **Kulturvandring i Kunstbygda Balestrand**

Eli-Grete Høyvik hentar gruppa i Høyviksalen på Kviknes Hotel. Vandring på kaiområdet med eit levande miljø i dei gamle kunstnarhusa, innom St Olavs Church og vikinggravene på Balahaugen med segnet om Fritjov den Frøkne og den vakre Ingebjørg og til slutt nokre av kunstnarvillaene. Denne vandringa tek ca 1,5 timar. Ein kan kjøpe lunsj i Balholm Bar på Kviknes Hotel om ein ynskjer det.


18.00 Spasertur frå Kviknes Hotel til Ciderhuset – ca 1,5 km.

18.30 Velkomstdrikk ved ankomst Ciderhuset – cider i høge stettglas.

19.00 **Operettekonsert med Jorunn Torsheim og Jan Erik Fillan**

Sprudlande, vakre arier framført av to flotte stemmer, sopranen Jorunn Torsheim og tenoren Jan Erik Fillan. Det vert smakebitar frå musikalar og perler frå operaens verden som alle kjenner!

Ein liten ønskekonsert – og det i Balestrand på den vakraste årstida! Open bar i pausen.



20.30 Tre rettars middag servert i vinterhagen med utsikt over Sognefjorden.

22.00 **Cider på nært hald – besøk i Ciderkjellaren**

Formidling i ciderkjellaren og brenneriet om frukt og om korleis vi foredlar eple, plomme og bær til Balholm - musserande cider etter "methode traditionnelle" eller edle dropar. Inkl smaksprøve av plomme- eller bringebærdram.

Kvelden tonar ut i den inste cavaen.

Spasertur attende til hotellet.



Fredag 22. juni

07.00 – 10.00 Frukost på hotellet.

Fri tid på eiga hand. Vi kan tilrå ein tur i dei lette og godt tilrettelagde turløypene med utsikt til Sognefjorden, eit besøk på Sognefjord Akvarium eller besøke eit eller fleire av kunstverkstadane i Kunstbygda Balestrand. Ein kan kjøpe lunsj i Balholm Bar på Kviknes hotel om ein ynskjer det.

15.00 Avreise med buss frå Kviknes Hotel til Operagarden Åmot opp dei bratte svingane og over Gaularfjellet, Nasjonal turistveg. Vegen over Gaularfjellet fører den reisande inn i Fosseheimen frå den mektige Sognefjorden, som er verdas lengste og Noreg sin djupaste fjord. Det verna Gaularvassdraget med sine mange stryk, sprudlande fossar og blanke vatn ligg som perler på snor langs bilvegen. Køyreturen er spanande og variert.

TOSCA *kl 18:30*

AV GIACOMO PUCCINI (SEMI-KONSERTANT)

Med stjernesolistar frå Den Norske Opera og Ballett og dei store tyske operahusa

Tosca **Itziar Martinez Galdos** SOPRAN
Cavaradossi **Thomas Ruud** TENOR
Scarpia **Espen Langvik** BARYTON

Førde Kammerkor

REGI Arild Helleland / KLAVER Per Arne Frantzen

Høgdepunkt frå TOSCA, eit av operalitteraturens mest sentrale verk. Puccini sin storslagne musikk skildrar kjærleik, vondskap og død som gjer sterkt inntrykk. TOSCA er, sidan premieren i 1900, ein av verdas mest spela og elska operaer.

Tre retters middag etter framsyninga.

22.30 Avreise frå Operagarden og ankomst hotellet i Balestrand kl 24.00.

Laurdag 23. juni

12.50 Avreise frå Balestrand med båt til Flåm. Deretter ei av verdas mest berømte togreiser – **Flåmsbana** – frå Flåm til Myrdal og vidare til Oslo. Ankomst Oslo kl 22.32.

EIN TEK FORBEHOLD OM ENDRING I OPPSETTE RUTETIDER.



BERGENSPAKKE 1

3 overnattningar

20. – 23. JUNI



For bestilling og informasjon
ta kontakt med Kviknes Hotel

Tlf: 57 69 42 00

booking@kviknes.no

Online Booking
www.kviknes.no

Onsdag 20. juni

16.30 Avreise frå Bergen med hurtigbåt.
Ankomst Balestrand kl 20.20.

Innsjekk og middag på tradisjonsrike Kviknes Hotel.



Torsdag 21. juni

07:00 – 10:00 Frukost på hotellet.

Hotelldirektør Sigurd Kvikne formidler om hotellet si historie før kulturvandringa starter.

11.00 **Kulturvandring i Kunstbygda Balestrand**

Eli-Grete Høyvik hentar gruppa i Høyviksalen på Kviknes Hotel. Vandring på kaiområdet med eit levande miljø i dei gamle kunstnarhusa, innom St Olavs Church og vikinggravene på Balahaugen med segnet om Fritjov den Frøkne og den vakre Ingebjørg og til slutt nokre av kunstnarvillaene. Denne vandringa tek ca 1,5 timar.

Ein kan kjøpe lunsj i Balholm Bar på Kviknes Hotel om ein ynskjer det.

18.00 Spasertur frå Kviknes Hotel til Ciderhuset – ca 1,5 km.

18.30 Velkomstdrikk ved ankomst Ciderhuset – cider i høge stettglas.

19.00 **Operettekonsert med Jorunn Torsheim og Jan Erik Fillan**

Sprudlande, vakre arier framført av to flotte stemmer, sopranen Jorunn Torsheim og tenoren Jan Erik Fillan. Det vert smakebitar frå musikalar og perler frå operaens verden som alle kjenner!

Ein liten ønskekonsert – og det i Balestrand på den vakraste årstida! Open bar i pausen.

20.30 Tre rettars middag servert i vinterhagen med utsikt til Sognefjorden.

22.00 **Cider på nært hald - besøk i Ciderkjellaren**

Formidling i ciderkjellaren og brenneriet om frukt og om korleis vi foredlar eple, plomme og bær til Balholm - musserande cider etter "methode traditionnelle" eller edle dropar. Inkl smaksprøve av plomme- eller bringebærdrum.

Kvelden tonar ut i den inste cavaen.

Spasertur attende til hotellet.



Fredag 22. juni

07:00 – 10:00 Frukost på hotellet.

Fri tid på eiga hand. Vi kan tilrå ein tur i dei lette og godt tilrettelagde turløypene med utsikt til Sognefjorden, eit besøk på Sognefjord Akvarium eller besøke eit eller fleire av kunstverkstadane i Kunstbygda Balestrand.

Ein kan kjøpe lunsj i Balholm Bar på Kviknes hotel om ein ynskjer det.

15.00 Avreise med buss frå Kviknes Hotel til Operagarden Åmot opp dei bratte svingane og over Gaularfjellet, Nasjonal turistveg. Vegen over Gaularfjellet fører den reisande inn i Fosseheimen frå den mektige Sognefjorden, som er verdas lengste og Noreg sin djupaste fjord. Det verna Gaularvassdraget med sine mange stryk, sprudlande fossar og blanke vatn ligg som perler på snor langs bilvegen. Køyreturen er spanande og variert.



TOSCA kl 18:30

AV GIACOMO PUCCINI (SEMI-KONSERTANT)

Med stjernesolistar frå Den Norske Opera og Ballett og dei store tyske operahusa

Tosca **Itziar Martinez Galdos** SOPRAN
Cavaradossi **Thomas Ruud** TENOR
Scarpia **Espen Langvik** BARYTON

Førde Kammerkor

REGI Arild Helleland / KLAVER Per Arne Frantzen

Høgdepunkt frå TOSCA, eit av operalitteraturens mest sentrale verk. Puccini sin storslagne musikk skildrar kjærleik, vondskap og død som gjer sterkt inntrykk. TOSCA er, sidan premieren i 1900, ein av verdas mest spela og elska operaer.



Tre retters middag etter framsyninga.

22.30 Avreise frå Operagarden og ankomst hotellet i Balestrand kl 24.00.

Laurdag 23.juni

11.50 Avreise frå Balestrand med båt til Flåm. Deretter ei av verdas mest berømte togreiser – **Flåmsbana** – frå Flåm kl 14:50 til Myrdal og vidare til Bergen. Ankomst Bergen kl 17:52.

ALTERNATIV

Båt direkte Balestrand – Bergen

Avgang kl 07.50, med ankomst Bergen kl 11.30 eller kl 16.50 – ankomst Bergen kl 20.30

EIN TEK FORBEHOLD OM ENDRING I OPPSETTE RUTETIDER.



BERGENSPAKKE 2

2 overnattningar

21. – 23. JUNI



For bestilling og informasjon
ta kontakt med Kviknes Hotel

Tlf: 57 69 42 00

booking@kviknes.no

Online Booking

www.kviknes.no

Torsdag 21. juni

08:00 Avreise frå Bergen kl 08.00 med hurtigbåt og ankomst Balestrand kl 11.50.

Innsjekk på tradisjonsrike Kviknes Hotel

Fri tid på eiga hand i Balestrand. Ein kan kjøpe lunsj i Balholm Bar på Kviknes Hotel om ein ynskjer det.

Vi kan tilrå ein tur i dei lette og godt tilrettelagde turløypene med utsikt til Sognefjorden, eit besøk på Sognefjord Akvarium eller besøke eit eller fleire av kunstverkstadane i Kunstbygda Balestrand.

18.00 Spasertur frå Kviknes Hotel til Ciderhuset – ca 1,5 km.

18.30 Velkomstdrikk ved ankomst Ciderhuset - cider i høge stettglas.

19.00 Operettekonsert med Jorunn Torsheim og Jan Erik Fillan

Sprudlande, vakre arier framført av to flotte stemmer, sopranen Jorunn Torsheim og tenoren Jan Erik Fillan. Det vert smakebitar frå musikalar og perler frå operaens verden som alle kjenner!

Ein liten ønskekonsert – og det i Balestrand på den vakraste årstida! Open bar i pausen.


20.30 Tre rettars middag servert i vinterhagen med utsikt til Sognefjorden.

22.00 Cider på nært hald – besøk i Ciderkjellaren.

Formidling i ciderkjellaren og brenneriet om frukt og om korleis vi foredlar eple, plomme og bær til Balholm - musserande cider etter "methode traditionelle" eller edle dropar. Inkl smaksprøve av plomme- eller bringebærdram.

Kvelden tonar ut i den inste cavaen.

Spasertur attende til hotellet.



Fredag 22. juni

Frukost på hotellet.

11.00 **Kulturvandring i Kunstbygda Balestrand**

Eli-Grete Høyvik hentar gruppa i Høyviksalen på Kviknes Hotel. Vandring på kaiområdet med eit levande miljø i dei gamle kunstnarhusa, innom St Olavs Church og vikinggravene på Balahaugen med segnet om Fritjov den Frøkne og den vakre Ingebjørg og til slutt nokre av kunstnarvillaene. Denne vandringa tek ca 1,5 timar.

Ein kan kjøpe lunsj i Balholm Bar på Kviknes Hotel om ein ynskjer det.

15.30 Avreise med buss frå Kviknes Hotel til Operagarden Åmot opp dei bratte svingane og over Gaularfjellet, Nasjonal turistveg.

TOSCA *kl 18:30*

AV GIACOMO PUCCINI (SEMI-KONSERTANT)

Med stjernesolistar frå Den Norske Opera og Ballett og dei store tyske operahusa

Tosca **Itziar Martinez Galdos** SOPRAN
Cavaradossi **Thomas Ruud** TENOR
Scarpia **Espen Langvik** BARYTON

Førde Kammerkor

REGI Arild Helleland / KLAVER Per Arne Frantzen

Høgdepunkt frå TOSCA, eit av operalitteraturens mest sentrale verk. Puccini sin storslagne musikk skildrar kjærleik, vondskeid og død som gjer sterkt inntrykk. TOSCA er, sidan premieren i 1900, ein av verdas mest spela og elska operaer.



Tre retters middag etter framsyninga.

22.30 Avreise frå Operagarden og ankomst hotellet i Balestrand kl 24.00.

Laurdag 23. juni

11.50 Avreise frå Balestrand med båt til Flåm. Deretter ei av verdas mest berømte togreiser – **Flåmsbana** – frå Flåm kl 14:50 til Myrdal og vidare til Bergen. Ankomst Bergen kl 17:52.

ALTERNATIV

Båt direkte Balestrand – Bergen

Avreise kl 07:50 med ankomst Bergen 11.30. Eller avreise kl 16.50 med ankomst Bergen kl 20.30.



Åmot Operagard
www.operagarden.no

Åmot Operagard har både fløyel og balkongar, men også sementgolv og grove trebjelkar. Gjestene vert ønskt personleg velkomne av vertskapet Steinar og Yngve, og nærleiken til stjernene tar framsyninga og festmåltidet etterpå til nye høgder.

Heile Operagarden blir nytta som scene, både høystålet i låven, finstua i våningshuset, hagen og tunet. I desse omgjevnadene blir framført det ypparste av opera, teater, klassiske konserter, samtidsmusikk og samtidsdans. Garden har fått tildelt kvalitetsmerket Olavsrosa frå Norsk Kulturarv.

Pressa og publikum sine lovord, samt merittliste for denne gardssena, vitnar om opplevingar i særklasse.

“ *vend blikket mot stjernene* ”
Åmot
OPERAGARD



Ciderhuset

www.ciderhuset.no

Ciderhuset er eit hus for folk som likar kultur og god drikke og ligg i Balestrand i Sogn, i ein frukthage med ca 100 ulike frukt-sortar. Familien Eitungjerde Høyvik i to generasjonar er vertskap og driv også Balholm.

Vertinne Eli-Grete byr på kulturvandring i Kunstbygda Balestrand med historiske Kviknes Hotel og Høyviksalen, skapt av treskjærar og bestefar Ivar Høyvik.

Konsertane held vi i Gildesalen, som er inspirert av Kvamsøy middelalderkyrkje. Om sommaren kjem gjester frå heile verda til restauranten, der eldsteson Gard og svigerdotter Tuba styrer grytene. Dei serverer norsk mat med smak av Middelhavet på terrassen med 180 graders utsikt over Sognefjorden.

I ciderkjellaren omvandlar Åge frukt frå hagen til Balholm cider, fruktvin og epleddram. Dette fortel han gjerne om, og i den inste cavaen syng han gregorianske messer for fruktbrønnevinet som kviler på eikefat – også for dei som følgjer med inn!

Ciderhuset
BALHOLM · SOGN



Kviknes Hotel

www.kviknes.no

På Kviknes strekkjer gjestgjevar- tradisjonane seg tilbake til 1752. Familien Kvikne som i dag eig hotellet, overtok i 1877.

Ole Kvigne kjøpte Holmen Gjestgiveri i 1877. Gradvis vart dette utvida til Kvikne`s Hotel. Saman med kona Kari og broren Knut, bygde dei allereie i 1880 og seinare i 1884 og 1885 på gjestgiveriet. Dette vart starten på Balestrand som turiststad. Dei vestlandske fjordane og Norge blir på slutten av 1800-talet det nyoppdaga reiselandet, og Ole Kvikne innsåg at han måtte byggje eit "skikkeleg" hotell. Den tyskfødde arkitekten og målaren Franz W. Schiertz teiknar hotellet, som står ferdig i 1890.

Frå då av starta ei rivande utvikling som har halde fram heilt til i dag. Hotellet vart reist i sveitserstil. Mange nybyggingar, ombyggingar og utvidingar har ikkje gått ut over særpreget til staden. Historie har alltid vore ein viktig del av opplevinga ved Kvikne`s Hotel. Lista over prominente gjester er svært lang. Keisar Wilhelm II av Tyskland var ofte gjest i Balestrand. Kongelege, keisarar, presidentar, statsministrar, filmstjerner og kunstnarar frå mange land er å finne på gjestelista.

Generasjonane har teke godt vare på klenodium og kunstverk – og det har gitt hotellet sin spesielle sjel og atmosfære. Maten er ein viktig del av opphaldet og ved Kviknes blir det lagt vekt på sanslege opplevingar som skal gje gode minne for livet. Ved å vere innehavar av Olavsrosa forpliktar vi oss til å vere gode ambassadørar for ein levande kulturarv og - ikkje minst - til å formidle historia til gjestene våre.